



BJØRNAFJORDEN KOMMUNE
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Vedtak om løyve etter forureiningslova for Bjørnafjorden kommune på Kolskogen industriområde

Vi viser til søknad datert 21. april 2021 og tilleggsopplysningar i brev datert 1. juni 2021.

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir Bjørnafjorden kommune v/ teknisk drift avd. Kolskogen (Bjørnafjorden kommune) løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29.

Bjørnafjorden kommune skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Gebyret er fastsett til 35 000 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

2 Kort om bakgrunnen for saka

Bjørnafjorden kommune har søkt om løyve til å lagre og knuse returasfalt på Kolskogen industriområde. Det er søkt om mottak og lagring av:

- maksimal mottaksmengde per år: 900 tonn
- maksimal lagringmengde: 500 tonn

Kommunen skriv at den knuste asfalten skal nyttast til oppbygging og reparasjon av vegar. Vidare skriv dei at anlegget vil òg korte ned avstanden for levering av asfalt til godkjent mottak.

Aktiviteten vil gå føre seg i nærleiken av Ulvenvatnet som klima- og miljøvernrådgivar i Bjørnafjorden kommune vurderer til å ha høg økologisk verdi. Utslepp av finpartikulært materiale blir trekt fram av kommunen som ein mogleg negativ konsekvens av aktiviteten. Dei føreslår at overflatevatn frå tiltaksområdet renn via filtrerings- og sedimenteringsløysingar før det blir ført ut i vatnet.



Kommunen har brukt ordet deponi i søknaden og i svar til uttale. Eit deponi som tek imot avfall, har strenge krav etter avfallsforskrifta kapittel 9. Eit mellomlager for returasfalt vil vere eit avfallsanlegg og ikkje eit deponi. Statsforvaltaren har brukt ordet anlegg i behandlinga av saka.

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Nasjonalt prioriterte stoff

Statsforvaltaren har eit mål om å kontinuerleg redusere utslepp av nasjonalt prioriterte stoff (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at utslepp av slike stoff blir stansa.

3 Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Tiltaket det er søkt om ligg på Kolskogen industriområde rett nord for Ulvenvatnet. Området er regulert til industri (planid: 19700400). Kommunen har vurdert at tiltaket er i tråd med gjeldande plan.

Det er registrert fleire artar med nasjonal forvaltningsinteresse i Ulvenvatnet, blant anna fleire trua fugleartar. Fuglane i området er hovudsakleg andefuglar og våtmarksfuglar som ikkje er spesielt vare for støy. Det er allereie mykje støy knytt til E39 i området. Vi har sett standardkrav i løyvet til støy for industri og regulert driftstid. Vi vurderer derfor at støy frå verksemda ikkje vil føre til uakseptable ulemper for naboar eller miljø.

Asfalt består hovudsakelig av 95% steinmaterialer og 5% bitumen. Bitumen er ikkje vassløysleg og det vil derfor ikkje vere nemneverdige utslepp av PAH. Det er ikkje gitt løyve til å lagre asfalt med innhald av tjære. Vi vurderer at krava i løyvet er tilstrekkeleg til at avrenning frå anlegget ikkje vil føre til nemneverdig ulemper for miljø og at aktiviteten ikkje vil vere til hinder for å nå måla i vassforskrifta.



Statsforvaltaren vurderer på bakgrunn av ovannemnte punkt at aktiviteten ikkje påverkar naturmangfald i nemneverdig grad, jf. naturmangfaldslova § 8. Det blir derfor ikkje gjort vurdering av §§ 9 til 12.

Statsforvaltaren har konkludert med at verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved verksemda samanstillt med fordelar og ulemper verksemda elles vil medføre, gjev vi løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår.

Statsforvaltaren fekk ein uttale frå Statens Vegvesen i samband med førehandsvarsling om at aktiviteten kan gi føringar og binde opp valet av løysingar i arbeidet med prosjektet E39 Stord – Os. Framtidig arealbruk blir avklart etter plan- og bygningslova i plansamanheng og blir ikkje vurdert etter forureiningslova. Kommunen har opplyst at dei vil gå i dialog med Statens vegvesen.

Vi oppfordrar kommunen til å melde seg inn i Kontrollordningen for Asfaltgjenvinning, <https://www.asfaltgjenvinning.no/>.

3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav

Nedanfor er det gitt forklaringar på vilkår og krav i løyvet som trenger ei meir spesifikk grunngeving.

4 Utslepp til vatn (punkt 3 i løyvet)

Det er satt krav om at kommunen ikkje skal ha utslepp til grunn eller vatn som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Forureina avrenning frå asfalten skal om nødvendig handterast. Til dømes kan knusing føre til at oppløyst, finpartikulært materiale blir ført med overflatevatnet og renn vidare ut i resipienten. Det er ikkje dokumentert utlekking av PAH, PCB og tungmetall over normverdi frå nyare asfalt (etter 1970) i studiar.

4.1.1 Utslepp til luft (punkt 4 i løyvet)

Bedrifta har krav om å drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulemper for naboar og miljø, og skal drive anlegget slik at støv blir avgrensa til eit minimum. Lossing/lasting og knusing er aktivitetar som kan føre til støving. Om nødvendig må bedrifta setje i verk tiltak.

4.1.2 Støy (punkt 7 i løyvet)

Det er gitt løyve til støy innanfor visse standardkrav som gjeld for industri. Bedrifta plikter å halde grenseverdiane for støy innanfor alle driftsdøgn.

4.1.3 Avfall (punkt 9 i løyvet)

Mottak av avfall:

Det er ikkje tillate med mellomagring av tjærehaldig asfalt på området. Asfalt som vart produsert før 1970 har i nokre tilfelle brukt tjære som bindemiddel, og kan innehalde opptil 9000 ppm PAH16. Denne typen asfalt blir rekna som farleg avfall og ved mistanke om at det kan vere mottatt tjærehaldig asfalt må han lagrast på fast dekke under tak inntil prøvetaking er gjennomført og vidare disponering er avklart.

Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall:

Bedrifta skal blant anna dokumentere opplysningar for opphav for asfalten. Kunnskap om opphavet til asfalten er eit viktig tiltak for å hindre at tjærehaldig asfalt blir teke imot.



5 Faktagrunnlag

5.1 Resipientar og miljøtilstand

Ulvenvatnet er del av verneplan for vassdraget Oselva, men er ikkje eit område av vassdraget som det gjeld særskilte omsyn for.

5.1.1 Tilstand i vassførekomsten

Klassifisering i Vann-Nett

Ulvenvatnet (055-26962-L) er registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.

Trua artar og naturtypar

Det er registrert aure, ål og ei rekkje amfibium i Ulvenvatnet. Det er livskraftige førekomstar av takrøyr som utgjer viktig hekkeområde for songarar, meiser og måkearter. Det er blant anna registrert ulike artar av forvaltningsinteresse som vipe, storskarv, stær, hettemåke, fiskemåke, dvergdykkar, sothøne, grønfink, gråmåke, gulsporv, makrellterne, taigasædgås og vassrikse. Det er registrert førekomstar av elvemusling i Oselva.

6 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

6.1 Korrespondanse

6.2 Førehandsvarsel og uttalar

Saka er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Frist for å gi uttale var 30. juni 2021.

Nedanfor følger ei kort oppsummering av uttalane og bedrifta sine kommentarar til desse.

Statsforvaltaren har vurdert uttalane og kommentarane ved behandlinga av søknaden.

6.2.1 Uttalar og Bjørnafjorden kommunes kommentarar

Statens Vegvesen, Eining for Transport og samfunn, oppsummering av uttale 24. juni 2021

Statens Vegvesen ønsker ikkje at det blir lagt til rette for planlagd aktivitet på gnr. 53 og bnr. 7 før arbeidet med reguleringsplanen for prosjektet E39 Stord - Os (Hordfast) er ferdig. Eit løyve til aktiviteten kan gi føringar og binde opp valet av løysingar i E39-prosjektet. E39 er eit viktig vegprosjekt som bør prioriterast i denne samanhengen. Vidare framdrift med omsyn til etablering av eit slikt anlegg må difor skje i nær dialog med prosjektet E39 Stord - Os (Hordfast).

Kommentar frå Bjørnafjorden kommune Samferdsel og VA kommentarar til uttalen frå Statens Vegvesen

«Bjørnafjorden kommune har eit stort behov for mellombels asfaltdeponi, da vi bruker mykje ressursar på transport og levering av asfalt. Det er difor sær viktig at deponiet kjem på plass. Om løyve vert gitt, vil vi gå i dialog med Statens Vegvesen om deponiet og om deira behov. Vi kan og avslutte deponiet på relativt kort tid. Vi gjer og merksam på at det allereie i dag står ein kommunal stålhall på plassen som er viktig for vår vinterdrift.»



7 Klagerett

Bjørnafjorden kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet blei motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Nina Vadøy
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve- Avfall - Bjørnafjorden kommune - asfalt - 844458312 - Kolskogen industriområde - Bjørnafjorden

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER



Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 3 til og med side 16.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Verksemda bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.¹

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Verksemd	Bjørnafjorden kommune teknisk drift avd. Kolskogen
Stad/gateadresse	Kolskogheiane 5, 5210 Os
Postadresse	Postboks 24 5649 Eikelandssosen
Kommune og fylke	Bjørnafjorden, Vestland
Org. nummer (verksemd)	974 545 039
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32N, aust: 302600, nord: 6678815
Gards- og bruksnummer	53/7
NACE-kode og bransje	42.110 Bygging av veier og motorveier
Kategori for verksemda ²	-

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Ephortenummer
2022.0269.T	4624.0196.01	2021/6382

Løyve gitt første gong: 28.03.2022	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
Nina Vadøy senioringeniør		Åsmund Skancke Karlsnes overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk

¹ I dette dokumentet blir ordet "verksemd" brukt om den produksjon eller aktivitet som blir drive og som løyvet gjeld. Ordet "bedrift" blir brukt om den juridiske eininga som er ansvarleg for å halde plikter og avgrensingar (vilkår) i løyvet til verksemda, den som må søke om eventuelle endringar, som leverer avfall osv. Ordbruken er søkt gjennomført så konsekvent som mogleg i dokumentet.

² Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelse etter forurensningsloven



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innholdsliste

1	Rammevilkår	5
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å halde grenseverdier	5
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	5
2.4	Utskifting av utstyr	5
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
2.6	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	6
2.7	Internkontroll	6
3	Utslepp til vatn	6
4	Utslepp til luft	6
4.1	Utsleppsreducerande tiltak.....	6
5	Grunnforureining og forureina sediment	7
6	Kjemikal	7
7	Støy	8
8	Energi	8
8.1	Energileiing	8
9	Avfall	8
9.1	Generelle krav	8
9.2	Handtering av avfall	9
9.2.1	<i>Mottak av avfall</i>	9
9.2.2	<i>Generelle krav til handtering</i>	9
9.2.3	<i>Kompetanse</i>	9
9.2.4	<i>Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall</i>	9
10	Deponi for eige avfall	10
11	Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren	10
11.1	Kartlegging av utslepp.....	10
11.2	Utsleppskontroll.....	10
11.3	Program for utsleppskontroll.....	10
11.4	Rapportering til Statsforvaltaren	10
12	Miljøovervaking	10
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining	11
13.1	Miljørisikoanalyse	11
13.2	Førebyggjande tiltak	11
13.3	Varsling av akutt forureining.....	11



14	Eigarskifte, omdanning mv.	11
15	Nedlegging	11
16	Tilsyn	12
	Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter	13
	Vedlegg 2 Avfallstypar og aktivitetar	15
	Vedlegg 3 Kart over området.....	16



1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert i punkt 9.2. og går fram av tabell 1 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil 900 tonn avfall per år. Mengda avfall på verksemda sitt område skal ikkje på noko tidspunkt overstige 500 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall. Tillaten behandling av avfallet er nærmare regulert i punkt 9.2 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Løyvet omfattar berre asfalt som ikkje inneheld tjærestoff. Asfalt som er forureina med tjærestoff skal avisast frå anlegget. Det er ikkje tillate mottak og lagring av andre avfallstypar enn dei som er nemnt i vedlegg 2.

Vedlegg 3 viser kart over området som anlegget har aktivitetar på og området som løyvet er gjeldande for.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 14.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 14.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3.



Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift³. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følger av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp til grunn eller vatn som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet. Avrenning skal om nødvendig handterast.

Overvatn frå område rundt anlegget skal førast utanom avfallsanlegget.

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsreducerande tiltak

Diffuse utslepp frå avfallsanlegget og frå uteareal, til dømes lagerområde, område for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe under dette lukt og støv for miljøet, skal avgrensast mest mogleg.

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulemper for naboar og miljø. Om nødvendig må verksemda setje i verk tiltak. Verksemda må kunne dokumentere kva slags vurderingar og tiltak dei har gjort for å minimalisere utslepp av støv, jf. punkt 13.

³ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å sette i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁴, og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22⁵.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁶

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁷ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

⁴ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁵ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁶ Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁷ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskrifta) av 30. mai 2008, nr. 516



7 Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige følgjande grenser, målt eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)
$L_{pAeq12h}$
55 dB(A)

L_{pAeqT} er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar. L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Bedrifta skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda, inkludert intern transport på verksemndas område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemndas område er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing for i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følge av verksemnda. Bedrifta pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med reglar for slik handtering, som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova⁸.

For materiale som blir nytta som biprodukt, skal det kunne dokumenterast at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd er oppfylte.

Bedrifta skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal primært brukast om att, anten i eigen eller i andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg, eller det fører til urimelege kostnadar, skal avfallet først og fremst materialgjenninnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnadar, skal avfallet så langt det er råd gjenninnast på annan måte.

⁸ Sjå mellom anna avfallsforskrifen av 1.6.2004 nr. 930 og kapittel 18 i forurensningsforskrifen av 1.6.2004 nr. 931.



Farleg avfall kan ikkje fortynnast på ein slik måte at det kan reknast som ordinært avfall. Ulike typar farleg avfall kan ikkje blandast dersom dette kan føre til fare for forureining, eller det vil skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast saman med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gir ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Mottak av avfall

Mottak av avfall skal vere tilstrekkeleg dokumentert slik at vidare handtering er forsvarleg og vil sikre mest mogleg gjenvinning.

Lagring av tjærehaldig asfalt på området er ikkje tillaten. Dersom det oppstår mistanke om at mottatt asfalt likevel kan innehalde tjære, skal asfalten takast vare på skilt på fast dekke under tak inntil prøvetaking er gjennomført og vidare disponering er avklart.

Verksemda skal informere alle kundar om kva som er tillate levert til anlegget.

Avfallstypar som kan takast imot og mengder som kan lagrast samtidig går fram av tabell 1 i vedlegg 2.

9.2.2 Generelle krav til handtering

All handtering⁹ av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje fører til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Beredskap.
- b. Verksemda skal ha kart der det går fram der asfalten blir handtert og lagra.
- c. Avfallslager skal vere tilstrekkelig sikra for å hindre fri tilkomst og ulovleg dumping på området. Vegen inn til området skal vere stengt for uvedkommande utanom opningstid.

9.2.3 Kompetanse

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda sin miljørisiko og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk.

9.2.4 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Verksemda skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengd avfall på lager til ei kvar tid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

⁹ Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling. Omgrepet omfattar likevel ikkje lagring i påvente av levering hos verksemda som sjølv har generert avfallet.



10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartleggje alle utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.3). Verksemda skal også kartleggje støy frå aktivitetane sine, jf. punkt 7.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjere vurderingar og gjennomføre eventuelle målingar. Eventuelle målingar kan omfatte volumstrømmåling, prøvetaking, analyse og utrekning. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa til verksemda.

11.3 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll. Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.4 Rapportering til Statsforvaltaren

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no når dette blir etablert for avfallsanlegg. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no. Inntil rapportering på www.altinn.no blir tilgjengeleg skal det rapporterast på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

Dersom måling av avrenning frå anlegget viser uakseptabel forureining, skal verksemda overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking. Eit eventuelt overvakingssystem skal sendast til Statsforvaltaren for merknader. Resultata frå undersøkinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført.

Overvakingssystemet skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.



13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta hensyn til ekstremvær, flom etc og fremtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift¹⁰. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskap blir overdregen til ny eigar eller driftsansvaret blir overført til anna selskap, skal bedrifta sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

15 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsette nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet løper vidare inntil Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

¹⁰ Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269



Ved nedlegging eller stans skal bedriften sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹¹. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstanden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Bedriften skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.5.

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedriften gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

16 Tilsyn

Bedriften pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har myndigheit, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

¹¹ Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall



Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 og punkta etter.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromuskforbindelser

Muskxylen	
-----------	--

Alkyfenoler og alkylfenoletoksylder

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP



Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salter av PFOS og relaterte forbindelser	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salter av PFHxS og relaterte forbindelser	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte forbindelser	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske forbindelser

Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarboner

PAH

Ftalater

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksaner

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filtre

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC



Vedlegg 2 Avfallstypar og aktivitetar

Tabell 1. Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoffnummer	Avfallstype	Mengd (tonn) som til ei kvar tid kan lagrast	Maksimal lagringstid
1619	Asfalt	500	36 månader

Tabell 2. Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingmåtar:

Avfallsstoffnummer	Avfallstype	Årleg mengde (tonn/år)	Behandlingsmåtar
1619	Asfalt	900	Lagring, knusing og sortering



Vedlegg 3 Kart over området

Kartet viser området som Bjørnafjorden kommune teknisk drift avd. Kolskogen har aktivitet på og området som løyvet er gjeldende for.

